

Nytt fygleobservasjonstårn på Herdla – skildring av arkitektur

Kanalisering av trafikk vil vere naudsynt både for landbruket, naturverdiane og for dei som er besøkjande på Herdla. Som eit viktig ledd i dette er det vedteke å byggje eit utsiktstårn. Ilag med justerte vegtrasear vil ein med eit slikt utsiktspunkt kunne både vise fram denne særmerkte staden og verne om dei ulike interessene.



Ein ser for seg å byggja eit moderat men robust og overdekka utsiktstårn som vender seg likeverdig til alle sider, og som har tilgjenge for alle. Ei stor utandørs sitjetrapp skal eigna seg til gruppesamling og foredrag. Trappa er omslutta av ein rampe som har stigning 1/12 og såleis gjer tilgjenge for alle til tårnet sitt mellomnivå.

Frå dette nivået leiar ei spiraltrapp opp til utsiktsnivået på kring 6 meter over bakken. Taket kragar ut for å laga skugge og hindre vassdrev inn på sitjeplassane (som ein hattebrem). Den sylindriske forma har gode eigenskapar med omsyn til vind, samstundes som den ikkje gjev ein retning større merksemd enn ein annan.

Materialbruken er nøktern og enkel: Ein "skammel" av stål vert sett på eit betongfundamentet. På stålkonstruksjonen kviler to "hjul" av furu konstruksjonsvirke. Dei kragar ut, ber tak og golv, samstundes som dei er oppheng for dei bua/sylindriske veggene. Utanpå reisverket tenkjer ein at horisontale kvistfrie lekter eller band av finer svøyest rundt i fleire lag. Til desse vert kledninga montert med skurer.

Stålkonstruksjonen skal vere førebudd slik at trekonstruksjonen kan monterast raskt og enkelt med forborte hol.

Innvendige golvflater er i vassfast sklisikker kryssfiner (oppe) og terrasserbord (nede). Trapp mellom nivåa er i utgangspunktet plassbygd, med standard galvanisert spiraltrapp Ø1200 som alternativ. Det lyt i alle høve lagast gode tilpassningar til konstruksjonen. Taktekkinga av svart papp vert usynleg for andre enn fuglane, det vert tverrfall og nedøp/gjennomføring i utåt kanten i mot aust.

Fundament og konstruksjonsmåte for sitjetrapp og gangbane har tilbydar høve til å foreslå, men det lyt vere sikkert og varig som tårnet. Heile anlegget skal kleast likt for å framstå som eitt heilskapleg grep: fortrinnsvis Kebony bordkledning som er grå som strendene og fjella ikring (og himmelen på ein typisk vestlandsdag).

Forma kan ein seie har gjeve seg sjølv etter dimensjonen til trappa, vendesirkel for rullestol på fyrste planet og "god nok plass" til dei som vil nytta utsiktsdekket. På avstand vil hovudforma med dei tre sylindrane vere tydeleg, særprega og enkel. Når ein er tett på; under tårnet eller oppe på eit av utsiktsdekkene, vil bærekonstruksjonen farmstå nærast som karveskurd. I det heile skal bygningen vere "naken" og lesbar konstruktivt. Denne måten å eksponere detaljar på vil setje høge krav til handverk og samanføyingar, noko byggherren er oppteken av i samband med val av utførande.

Med god planlegging og klargjering/precut vil byggetida kunne vere svært kort. Byggjinga skal skje på ei tid der ein ikkje uroar unødvendig i reservatet.

Lars J Berge, 30.10.2016
Arkitekt / landskapsarkitekt